

# NYNORSK I 100!

## Alversund mållag

Lesetips

**FOR  
FØRSKULEBARN**



20

**FOR 1. – 4. ÅRSKULL**



20

**FOR 5. – 7. ÅRSKULL**



20

**FOR  
UNGDOMSSKULEN**



20

**FOR  
VIDAREGÅANDE**



20

100

## FORORD

Vi ser det sjølvsagt i augo: Flaumen av bokmålsbøker som kjem ut kvart år er overveldande samanlikna med den vesle straumen av nynorskboeker.

Likevel – vi har mange, mange av dei sistnemnde, berre vi ser litt etter, og det er viktig å synleggjera desse bøkene.

*Nynorsk i 100* prøver å visa noko av spennet i nynorsk litteratur, og endå er det berre *noko* vi har makta å få med – tenk på det! Heftet kjem ut i høve 100-årsjubileet til Norges Mållag, og inneheld 100 titlar på bøker som vi trur born og unge kan ha glede av – mest skjønnlitteratur (romanar), men òg nokre faktabøker. Dei fleste bøkene er skrivne av norske forfattarar, men vi har òg med ein del omsette bøker. Vi har ikkje følgt noko kronologisk prinsipp.

Heftet er tenkt som ei lita hjelp til å orientera seg i den litterære nynorskverda, og er meint både for einskildpersonar, heimar, barnehagar og skular. Det er organisert i fem bolkar: ein bolk for førskulealder, to for barneskulen (ein for 1.–4. årskull, ein for 5.–7. årskull), ein bolk for ungdomsskulen og ein for vidaregåande skule. Overgangen mellom dei ulike bolkaner er glidande, på den måten at ei bok godt kan høva for fleire aldersgrupper. Vi har nytta fargekodar for å gjera det lettare å finna fram i heftet .

Takk til familie, vener og andre medlemmer av Alversund Mållag som har hjelpt oss med heftet!


Lukke til med å finna fram til *dine* bøker! Hugs: For kvar bok du les, for deg sjølv eller saman med andre, vert livet litt meir fargerikt!


Helsing


Styret i Alversund Mållag 2006


Vi takkar Libris Nordhordland, Samlaget og Statoil Mongstad for økonomisk støtte til trykkinga av heftet.



<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Liv Marie Austrem og Akin Duzakin</b>
	<b>Diamanten</b>
	Hans har mista synet, eller diamanten sin, som han seier. Difor må veslesystema vera diamanten hans når dei går på ukjende stader. Men ein dag er det ho som treng hjelp. Kanskje Hans kan vera hennar "diamant" òg?
	Ei bok om nære og tette band mellom sysken.
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2002</b>

<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Susanne Berner Rotraut</b>
	<b>Vintervrimleboka</b>
	Ei biletbok – bokstaveleg tala. Utan tekst, men med mange detaljerte teikningar med skilt og oppslag på nynorsk.
	Andre bøker i serien: Sommar-vrimleboka og Vårvrimleboka.
	Fine bøker som utgangspunkt for samtale og lesetrening
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2003</b>

<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Wenche Blomberg og Bo Gaustad</b>
	<b>Vesle Perlegrå</b>
	Høna Perlegrå er med dei andre hønene til seters. Ein dag er budeia uforsiktig og klemmer foten til Perlegrå i dørsprekken. Ho vert frisk att med hjelp av mykje god mat og mykje kos frå budeia.
	God tekst til lesetrening, humoristiske bilete.
	Tema: Husdyr
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2004</b>

<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Jon Fosse</b>
	<b>Søster</b>
	Storebroren til veslesystema er 4 år og gjer ikkje slik som mor seier. Han går på bilvegen og han går til sjøen, og det endar ikkje vel. Dokteren må koma...
	Ei bok om å vera litt ulydig. Høgtlesing.
<b>Forlag:</b>	<b>Det Norske Samlaget, 2000</b>

FORFATTAR

**Astrid Grønsnes og Anna Fiske**

TITTEL

**Fotballen på fatet**



Når ein leikar vert det lett rotete, men det går eigentleg fort å rydda, berre ein har eit system!

Liva og katten veit råd; med fotballen på fatet, sokkane på senga og vispen i vogna, ja, då vert det òg som ein leik!

Og tenk så mange ord det er som byrjar på same bokstav!

Set fokus på ord og bokstavar på ein morosam og fengjande måte!

Forlag:

**Samlaget, 2006**

FORFATTAR

**Oddmund Hagen ill.: Akin Duzakin**

TITTEL

**Bort frå jordet**



Dei to hareungane har leika med fyrstikker utan lov, men er det deira skuld at det byrjar å brenna på åkeren og i skogen?

Medan dei ser på den store brannen, oppdagar dei at Veslebror er borte.

Kva har han gjort?

Om å gjera farlege og forbodne ting

Forlag:

**Samlaget, 2003**

FORFATTAR

**Lydia Hauenschild. Teikningar av Klaus Puth.**

TITTEL

**4 blålysande brannbilhistorier**



Brannfolk kan mykje! Dei kan hjelpa kattar som sit fast mellom 2 garasjar, og dei kan hindra flaum med å byggja demningar, til dømes.

I denne fargeglade boka finn du fire artige brannbilhistorier.

Berre store bokstavar. Lesetrening for dei yngste.

Forlag:

**Landbruksforlaget, 2004**

FORFATTAR

**Andrea Hebrock og Isabel Abedi (illustratør)**

TITTEL

**Alberta og kjærleiken**




Mamma Markmus forklarar Alberta at "kjærleiken får det til å krible i kroppen. Han får hjartet ditt til å stupe kråke, og du får lyst til å hoppe himmelhøgt av glede." Det høyrst kjekt ut, meiner Alberta. Ho dreg på jakt etter kjærleiken. Etter ei stund møter ho museguten Fred, som er ute i same ærend. Dei vert samde om å leita etter kjærleiken i lag. Gjett kva som skjer!


Ei bok om våren – vennskap og ... kjærleiken


Forlag:


**Skald, 2005**


## 20 lesetips for førskuleborn


<b>FORFATTAR</b>	<b>Janosch</b>	<b>Omsetjing: Ragnar Hovland</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Bymusikantane i Bremen</b>	
	Fire gamle dyr, eit esel, ein hund, ein katt og ein hane, slår seg i lag og vil til Bremen for å verta bymusikantar. Dei kjem forbi eit hus der det bur røvarar, og klarar å skremma røvarane vekk. Då røvarane prøver å ta huset attende, får dei store problem og må gje opp. Og dyra lever lykkeleg ...	
<b>Forlag:</b>	Kjent eventyr, teikna og attfortalt i beste Janosch-.stil <b>Samlaget, 2006</b>	


<b>FORFATTAR</b>	<b>Janosch</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Med tigreren og bjørnen til Panama</b>
	Her er seks forteljingar om den vesle bjørnen og den vesle tigreren samla i ei bok: Til Panama, til Panama! / Kom, la oss finne ein skatt / Tigerpost / Eg skal gjere deg frisk, sa bjørnen / God dag, vesle gris / Tigreren har fødselsdag. I det vesle huset ved elva lever dei to vennene godt ilag. Av og til legg dei ut på farefulle og slitsame eventyr, og det går ikkje alltid slik dei har tenkt det ut på førehand. Og kvar gong er det like godt å koma heim att til huset og vennene ved elva.
<b>Forlag:</b>	Underfundig og humoristisk om vennskap og ”det gode livet”. <b>Samlaget, 2004</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Unni-Lise Jonsmoen</b>
<b>TITTEL</b>	<b>To i lufta og ein på bakken</b>
	Dei to i lufta er eit travelt svale (svulu)par. Han på bakken er bortskjemde Gråpus. Dei i lufta matar ungar dagen lang. Far flyg ut når mor kjem inn, og ein dag kolliderer dei i lufta. Mor dett rett ned i hovudet på Gråpus som ligg og søv. Han har ikkje noko i mot middagsmat, og no er gode råd dyre...
<b>Forlag:</b>	Forteljing om dyr for små born. <b>Sollia, 2004</b>

<b>FORFATTAR</b>	<b>Lena og Olof Landström</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Bø og Bæ får besøk</b>
	Bø og Bæ har eit problem. Det sit ein katt i treet i hagen deira, og dei må hjelpa han ned att. Men korleis? Dette er sjuande boka om dei to fantasisauene Bø og Bæ.
<b>Forlag:</b>	Humoristisk. 32 s. Store, tydelege illustrasjonar for dei minste. <b>Samlaget, 2005</b>


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Barbro Lindgren ill.: Eva Eriksson</b>
	<b>Den store boka om Den ville ungen</b>
	<p>Tre bøker om den utruleg ville ungen samla i ei: Mamma og den ville ungen. / Den ville ungen reiser /Den ville ungen får hund.</p> <p>Det er sanneleg ikkje greitt å vera mamma når ungen ho har fått, er så vill og finn på så mykje gale. Men så glad som ho er i den ville ungen sin!</p>
	<p>Galskap på rim</p> <p><b>Samlaget, 2003</b></p>
<b>Forlag:</b>	


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Michael McCarthy Ill.: Giuliano Ferri</b>
	<b>Forteljinga om Noah og arka</b>
	<p>På ordre frå Gud byggjer Noah arka, og der samlar han alle dyra på jorda, to av kvart slag. Og så lar Gud det regna i 40 dagar og 40 netter...</p> <p>Den kjende forteljinga er gjendikta på rim av Oskar Stein Bjørlykke.</p>
	<p><b>IKO-Forlaget, 2004</b></p>
<b>Forlag:</b>	


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Olaug Nilsen Illustrasjonar: Ciri Tutkovin Bråten</b>
	<b>Ronnys rumpe</b>
	<p>Ronny er så glad i mat, og når han et, må han prompa. Og når Ronny har ete is frå fryseboksen og ei heil stor kake, er det ikkje småtterier som kjem ut.</p>
	<p>Rumpehumor for ungar i den alderen. Nokre få sider.</p> <p><b>Damm, 2004</b></p>
<b>Forlag:</b>	


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Inger og Lasse Sandberg</b>
	<b>Vesle Anne og tryllehatten</b>
	<p>Kan henda kjenner dei vaksne att forteljingane om vesle Anne og Lange-Tomas som no har kome i nye utgåver. Første gong dei kom på norsk var i 1966.</p> <p>Enkle forteljingar for dei aller minste som framleis kan underhalda. I denne boka prøver Lange-Tomas seg på trylling. Han er flink å trylla fram ting, men ikkje dei rette tinga.</p>
	<p>Humor for dei minste.</p> <p><b>Samlaget, 2002</b></p>
<b>Forlag:</b>	





<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Marit Tusvik</b>
	<b>Proppen</b>
	<p>Siv og pappa er på fisketur, og så set pappa svenskepilken sin fast i proppen, den proppen i fjorden som held alt på plass, vatn og fisk og alt som er kasta, og som kan trekkjast ut når det vert for fullt. Og far slit og dreg av alle krefter ... og så losnar proppen!</p>
	<p>Fantastisk med overraskande slutt</p>
<b>Forlag:</b>	<b>Det Norske Samlaget, 2002</b>


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Sylvelin Vattle ill.: Ellen Sjøwall</b>
	<b>Gubben som ville fanga jula i ein håv</b>
	<p>For å fanga "lysguten", som er så liten som eit insekt og lyser som ei stjerne, teiknar Gubben i blokka si. Men så byrjar guten å teikna, og før Gubben veit ordet av det, har han teikna heile juleforteljinga og meir til.</p>
	<p>Ei slags juleforteljing</p>
<b>Forlag:</b>	<b>Landbruksforlaget, 2002</b>


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Max Velthuijs</b>
	<b>Frosken er lei seg</b>
	<p>Frosken er så ulykkeleg, og han veit ikkje kvifor. Alle vennene hans prøver å muntra han opp, og rotta spelar så vakkert at Frosken byrjar å gråta! Det hjelper, og så kan Frosken le og vera glad.</p>
	<p>Livsvisdom I alt er det 12 bøker om Frosken + 4 kartongbøker for dei aller minste</p>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2004</b>

<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Max Velthuijs</b>
	<b>Frosken finn ein venn.</b>
	<p>Frosken finn ein teddybjørn i skogen og vert så glad. Sjølv om bjørnen berre er ei leike, lærer han snart dei utrulegaste ting. Han lærer å snakka og å spela ball og å måla flotte bilete, og alle vert så glade i den vesle bjørnen. Men ein dag vil han attende dit han kom frå. Då vert frosken ulykkeleg.</p>
	<p>Om å innsjå kvar ein høyrer heime.. Dei kjende og kjære bøkene om Frosken er utgjevne på nytt.</p>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2002</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Geirdis Bjørlo</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Ei midtsommarsoge</b>
	Tussane har berre nett så vidt flytta ut frå seterhuset då Vesle Mari og Gamle Anna flytter inn for å vera der om sommaren. Men det ligg att ei langpipe og eit fint blått sjal. Korleis kan det ha seg? Midtsommarkvelden blir feira både av tussefolket under jorda og av menneskefolka på setra.
	Gamal folketru presentert for dei minste.
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2006</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Geirdis Bjørlo / Illustrasjonar: Inger Lise Belsvik</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Kort til ein engel.</b>
	Sigvepappa er død, og Oskar tenkjer at han må vera ein engel, ein engel som passar på Oskar når han treng det. Med mamma, som faktisk er livredd mus, og med vennene Jonas og Tilde, kan Oskar snakka om alt han tenkjer om livet og om livet etter døden. Men så oppstår det ein krisesituasjon, og Oskar må organisera ein redningsaksjon!
	Humoristisk og varm, om alvorlege ting, om livet og døden. 60 s
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, Bokklubben Blåmann, 2004</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Arnljot Eggen / Illustratør; Inger Lise Belsvik</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Når fuglane frir: og andre vers om dyr</b>
	Fakta om fuglar og andre dyr presentert gjennom artige og fantasifulle dikt.
(Forfattarportrett)	
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 1996</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Helga Gunerius Eriksen og Morten Øen (foto)</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Komme og gå</b>
	Mamma er sur, og barnet rømmer heimanfrå og inn i den store trolske skogen.
	Spesiell bok med spesiell formgjeving 31 s.
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget 2005</b>



FORFATTAR	<b>Jon Fosse</b>
TITTEL	<b>NEI Å NEI</b>
	Hunden Webster er lei av det trygge tilværet hjå gamle Oline. Ein kveld hundeeigaren har somna, stikk han av. Ut i livet for å sjå sjøen, og kanskje finna seg ei hundedame? Det spørst om han nokon gong kjem heim att. Den første av tre hundemanuskript frå Jon Fosse.
(ikkje omslagsbilete)	Hundemanuskripta; 1
	Livsfilosofi i fabelform. Eignar seg for opplesing.
Forlag:	<b>Samlaget, 1995</b>

FORFATTAR	<b>Jon Fosse</b>
TITTEL	<b>DU Å DU</b>
	Olav bur ved fjorden, og Bård i skogen. To aldrande ungarar i ei aude bygd. Dei lever kvar sine hundeliv, og den eine kvardagen er den andre lik. Men ein dag kjem det to langhåra bydamer til bygda. Meir fabulerande livsfilosofi i det andre hundemanuskriptet frå Jon Fosse.
(ikkje omslagsbilete)	Hundemanuskripta; 2
	Livsfilosofi i fabelform. Eignar seg for opplesing.
Forlag:	<b>Samlaget, 1996</b>

FORFATTAR	<b>Jon Fosse</b>
TITTEL	<b>FY Å FY</b>
	Skippar Moreld meiner det nok godt, men det kjennest ikkje slik for den gamle skipshunden Haktor. Han ønskjer seg slett ikkje selskap av ein ny hund om bord. Mismotet aukar kraftig når velvaksne Loliletta entrar frakteskuta. Skipperen på Havsula lyt velja – anten han eller henne. Tredje og siste hundemanuskript frå Jon Fosse.
(Ikkje omslagsbilete)	Hundemanuskripta; 3.
	Livsfilosofi i fabelform. Eignar seg for opplesing.
Forlag:	<b>Samlaget, 1997</b>

FORFATTAR	<b>Berit Hellem Giil</b>
TITTEL	<b>Tonje i treet</b>
	Kor er Tonje? Tonje er alltid midt i flokken, midt på skuleplassen. Ho er aldri sjuk. Ho passar på veslebroren sin. Det er aldri noko tull med Tonje. Du veit kor du har ho. Men ein dag får ho nok. Ho går heimanfrå i sinne.
	Ei bok om å finna seg sjølv. Lettlesen.
Forlag:	<b>Eide, 2005</b>

## 20 lesetips for 1.–4. årskull

FORFATTAR

**Marianne Havdal**

TITTEL

**Når traktoren kjem ut er det vår**



Vaksne – eldre – og barn kan vera venner. Men dei snakkar ikkje alltid same språk, og det kan lett føra til mistydingar, også vaksne imellom!

Ei bok om vennskap på tvers av alder

Forlag:

**Samlaget, 2005**

FORFATTAR

**Kine Hellebust / Illustrasjonar: Sissel Horndal**

TITTEL

**Ho Kirsti og eg**



Ho Kirsti og ho Trine (5 1/2) er naboar og bestevenninner i byen Harstad på Noregs største øy, og dei har minst 1000 leikar! Når dei leikar mor, far og unge, snakkar dei bymål, sjølvsagt. I sommarferien i Malangen lærer ho Trine seg å sykla, men når ho skal fortelja det til ho Kirsti, så har ho begynt på skulen! Og ho får lekser!! Dette er jenter med mykje fantasi og stor evne til fantastiske opplevingar. Og endeleg får dei vera med faren til ho Kirsti og gje mat til han som sit i fengselet, og så rømmer han!

Høgtlesingsbok på nordnorsk dialekt.

Forlag:

**Det Norske Samlaget, 2005**

FORFATTAR

**Solveig Hellmark**

TITTEL

**Det spirer og gror**



Å dyrka sitt eige graskar, laga pilehytte i hagen eller driva fram juleblomen sjølv gjev dei heilt store, små gleder – til små og store! Hagekalenderen til tvillingane Hanna og Edvin, og morfar, er innbydande illustrert og full av velsmakande, angande inspirasjon. Vinter, vår sommar og haust. Omsett frå svensk av Øystein Rosse.

Passar spesielt godt for barn og vaksne som har eit grøntprosjekt i lag.

Forlag:

**Samlaget, 2005**

FORFATTAR

**Eva Jensen og Gry Moursund**

TITTEL

**Alt kan begynne med kvitt**



”(Kvitt)


Ny teikneblokk / nye, kvite ark / marker med nysnø som ingen enno har gått på / kvitt, kvitt, alt kan begynne med kvitt”. Slik sluttar forteljinga om Tanja, som går i 2. klasse – og som ser kvardagane gjennom fargar og figurar.


Spresk biletbok.


Forlag:


**Samlaget, 2004**


20 lesetips for 1.–4. årskull


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Kari Lilleaasen</b>
	<b>Mens dei var samla... Kristi himmelfartsdag og pinse.</b> <b>Ill.: Ingrid Jangaard Ousland</b>
	Forteljinga om då Jesus for opp til himmelen, og om det som sidan hende då læresveinane fekk den heilage ande.
	Bibeltru forteljing frå Det Nye testamentet.
<b>Forlag:</b>	<b>IKO-Forlaget AS, 2004</b>


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Lars Mæhle      Illustrasjonar: Anna Fiske</b>
	<b>Den vesle kjempeboka</b>
	Sam er ei kjempe, han er meir enn 4,30 meter høg, og endå er han ikkje vaksen! Han er sløv og gløymisk som kjemper elles, og attpåtil sjenert, og han har eit stort problem, det er krise: HAN STINKAR TÅFIS! Han har ikkje lufta skorne på to år! Han og sjørørvar-bestefaren Ottar dreg avstad for å finna STADEN LENGST UNNA FOLK for at Sam skal få lufta skorne. Mangt og mykje kjem dei bort i på turen, og kjempe-problem dukkar opp, men dei vert løyste når Sam tek av seg på føtene...
	Sprelsk og sprø og underfundig. 95 s.
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, Bokklubben Blåmann, 2004</b>


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Mæhle, Lars / Illustrert av Anna Fiske.</b>
	<b>Krølle-Knut grev seg ned til Kina</b>
	Krølle-Knut kjedar seg. Det er sommarferie, og han har ingen å leika med. Men så dukkar Kristiane opp, og då vert alt kjekkare.
	Lett-lese. Lesetrening. Gul Komet.
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2006</b>


<b>FORFATTAR</b> <b>TITTEL</b> 	<b>Maria Parr</b>
	<b>Vaffelhjarte</b>
	Trille har ein bestevenn, Lena, men er Trille Lena sin bestevenn? Det er det store spørsmålet gjennom heile boka. Iallfall har dei to til saman god fantasi og stor evne til å prøva ut alle gode idear!
	Ei bok om vennskap
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2005</b>


FORFATTAR	<b>Gianni Rodari</b>
TITTEL	<b>Nasen som stakk av</b>
	Hjelp, nasen min, ropar Børge. Han ser seg i speilet ein morgon, og nasen er vekk! Vi følgjer Børge på på jakt etter nasen gjennom heile Bergen by!
	Humoristisk, første lesetrening
Forlag:	<b>Samlaget, 2006</b>


FORFATTAR	<b>Bjørn Sortland</b>
TITTEL	<b>Den blå, blå himmelen</b>
	Som far og alle andre skal Giovanni bera stein til store byggverk. Men Giovanni trivst ikkje, og gjer alt han kan for å lura seg unna. Ein dag kjem ein framand til byen. Den framande vil ha Giovanni til assistent. Vil guten framleis lura seg unna arbeidet?
	Biografisk:Giotto (1267-1337)
Forlag:	<b>Samlaget, 2000</b>


FORFATTAR	<b>Marit Tusvik</b>
TITTEL	<b>Den forunderlige historia om Valdemar Blå og reisa gjennom havet</b>
	Har fiskar òg kjensler? Kan dei lengta, drøyma, bli forelska? Berggylta Valdemar Blå opplever alt dette med god hjelp av den milde og søte Golfstraumen.
	Emne: Fiskar
Forlag:	<b>Samlaget, 2003</b>


FORFATTAR	<b>Tarjei Vesaas</b>
TITTEL	<b>Ein modig maur</b>
	Ein rasande sint maur legg ut i verda. Han gjer så godt han kan for å eta opp alt som kjem i vegen for seg. Og han klarer seg, lenge...
	Teikneserie. Flotte teikningar som byggjer opp under teksten. Store bokstavar.
Forlag:	<b>Samlaget, 2006</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Rune Belsvik</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Verdas mest forelska par.</b>
	Bløygen er eit univers heilt for seg sjølv. Der bur det berre tretten menneske, og to av dei er Bidger og Esmiluni. Dei er svært forelska, men er dei verkeleg det mest forelska paret i verda? Det håper Bløygen kommunestyre, for vinn Bidger og Esmiluni verdsmeisterskapen i pludring og romantikk, vil det koma mange turistar til Bløygen...
	<b>Humoristisk</b>
Forlag:	Cappelen 2001


<b>FORFATTAR</b>	<b>Rune Belsvik</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Tøddel Blisterplytt</b>
	Vi er tilbake i Bløygen, og mykje er som før. Likevel: Noko er annleis. Keisemda ligg og lurar, og kva vil skje om ho får skikkeleg tak i livet til Bløygenfolket?
Forlag:	Cappelen, 2005


<b>FORFATTAR</b>	<b>Bente Bratlund</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Heilt passeleg vill</b>
	- Det er viktig å leve, Elise! Vi må plukke dei gledene som er rundt oss, seier farmor til Elise. Ho meiner Elise er litt for plikttoppfyllande. Så dei plukkar gleder saman; går på kino, har piknik i parken om natta. Den veka farmor er på besøk skjer det mykje, og Elise oppdagar at ho er forelska...
	<b>Vennskap/forelsking</b>
Forlag, år:	Samlaget, 2005

<b>FORFATTAR</b>	<b>Kolbjørn Brekstad</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Det syngande sverdet</b>
	Vi er i folkevandringstida, på 300–400-talet. Ungguten Rein vert brått vaksen – først må han slåst mot ein farleg brunbjørn, og ikkje lenge etter misser han heile familien sin i eit åtak frå ei framand stamme. Men Rein har framleis gode venner, og han har eit sverd som syng på flo sjø ved fullmåne... Framhald i: Vargvinter (2000), Den lange striden (2001), Gudane kjem (2002)
	<i>Slik kan livet ha vore på våre kystar ein gong for lenge sidan</i>
Forlag:	Det Norske Samlaget, 1999

FORFATTAR	<b>Lene Kaaberbøl</b>
TITTEL	<b>Sølvhesten</b>
	Katriona Teresadotter er flink med hestar, og har ansvar for hestane til dei reisande som tek inn på vertshuset mor hennar eig. Men ho kjem lett i konflikt med Cornelius som også steller med hestane. Det går ikkje bra med dei to i same hus, meiner mor, men kven er det som må reisa? Første bok i Katrionaserien. ein serie på tre: Nr 2, Hermelinen og nr 3, Isfuglen, kom begge i 2006.
Forlag:	<b>Det Norske Samlaget, 2005</b>

FORFATTAR	<b>Bente Bratlund Mæland</b>
TITTEL	<b>Kanskje måndag kveld</b>
	- Alt er slik det er, seier spåkvinna på sirkuset. Men Nina vil at det skal vera annleis. Ho vil at det skal vera som før. Før far flytta til den nye dama. Mykje er trist og vanskeleg for Nina, men ikkje alt. Ho har gode venner. Og kan henda vert ho og Trond kjærastar? Kanskje måndag kveld? <i>Skilsmisse. Vennskap.</i>
Forlag:	<b>Samlaget, 2004</b>

FORFATTAR	<b>Halvor Floden</b>
TITTEL	<b>Frik med fela.</b>
	Vi er tilbake i "gamle dagar", då foreldreause born som Frik måtte bu hos vaksne som ikkje alltid var like snille med dei. Frik må arbeida hardt der han bur, og får lita tid til lekser og leik. Men Frik har skaparevne og fantasi, og heldigvis får han ei lærarinne som skjønar han... <b>Born i gamle dagar</b>
Forlag:	<b>Samlaget 2005 (utg. første gong 1917)</b>

FORFATTAR	<b>Ate Hansen</b>
TITTEL	<b>Sjørøvar Jenny og Einauge Bill</b>
	Piraten Einauge-Bill har pensjonert seg. Etter eit vilt liv på dei sju hav vil han kvila seg i si rolege vik i Noreg. Men ein dag dukkar Sjørøvar-Jenny opp. Ho er forfølgd av Grusomme Grim, og då er det klart at Einauge-Bill må stilla opp! Andre bøker om desse to figurane; Den nihala katten (1998) og Skatten (2000). Samleboka Gull og edelsteinar kom ut i 2005. <i>Humoristisk og spennande sjørøvarforteljing.</i>
Forlag:	<b>Cappelen, 1997</b>



FORFATTAR  
TITTEL

**Per Olav Kaldestad**

**Når morgonfrosken syng**



Om undring, om livet, havet og kjærleiken. Om dei verkeleg store, og om dei bittesmå spørsmåla. Enkelt og godt. ”Vers for små og store”, seier forfattaren. Det er sant.  
Høver for alle frå 6 til 100 år!

*Diktbok som viser vakkert veg inn i poesiverda. For nybyrjarar – og for dei som alt er diktvenner.*

Forlag:

**Samlaget, 2004**

FORFATTAR  
TITTEL

**Michael Morpurgo,**

**Det sovande sverdet**



Kan ei fleire hundre år gamal kraft i eit sverd gje ein blind gut synet att? Fantasi, litt 1500-tal og mykje notid i ei spanande blanding. Boka fenger og held fast på lesaren si interesse til boka er slutt. Scillyøyane kunne like gjerne vore eit bygdesamfunn på vestlandskysten.  
Omsett frå engelsk av Øystein Rosse.

*Boka passar godt til opplesing.*

Forlag:

**Samlaget, 2005**

FORFATTAR  
TITTEL

**Angela Nanetti**

**Bestefar var eit kirsebærtre**



Då bestemor Teodolinda dør, vert Tonino bestefars beste venn. Men bestefar forandrar seg, han saknar bestemor og er ikkje seg sjølv. Kirsebærtreet Felix spelar ei viktig rolle.

*Om vennskap mellom generasjonar, om ikkje å gje seg – og mykje galskap.*

Forlag:

**Samlaget, 2005**

FORFATTAR  
TITTEL

**Erna Osland**

**Nær nok**





Noveller om kjensler, og med gløtt inn i vaksenverda. Karl har den snillaste faren i verda, men stel han? Veslebror lyt passa på storebror Karlson som er psykisk utviklingshemma. Men ei natt klatrar storebror ut soveromsglaset, og ut på taket. Bestefar pratar med bestemor Sara, som er død. Tullar bestefar, eller er det komen ei ny Sara i livet hans?


*Noveller som let lesaren finna svar sjølv.*

Forlag:

**Samlaget, 2004**

FORFATTAR TITTEL	<b>Erna Osland / Illustrasjonar: Marvin Halleråker</b>
	<b>Skarpe tenner</b>
	Ei bok om mange slags dyr og mange slags tenner. Og om alt dei kan brukast til!
	<i>Faktabok med mykje attåt.</i>
Forlag:	<b>Mangschou A/S, 2005</b>

FORFATTAR TITTEL	<b>Jakob Sande,</b>
	<b>Gåsa, katten og hanen</b>
	Denne nye utgåva er illustrert av Ingunn Wiken. Historia om dei tre som kjem seg ut i verda er den same, men dei fargerike teikningane gjev boka eit friskt og artig preg. Les eller syng! Jakob Sande er hundreårsjubilant i 2006.
	<b>Gamle kjenningar i ny drakt</b>
Forlag:	<b>Skald, 2006</b>

FORFATTAR TITTEL	<b>Per Sivle</b>
	<b>Berre ein hund</b>
	Per Sivle-klassikaren i vakker ny utgåve: Soga om Per og hunden Hall som fekk slik ei sørgjeleg endelykt. I tillegg inneheld boka biografien Han Per, ei barneforteljing fortald av Jens Brekke. Fortejinga skildrar Per Sivle sitt vanskelege liv frå vogge til grav. Ein Vossa-stubb er òg fletta inn.
	<b>Klassikar med noko attåt.</b>
Forlag:	<b>Selja Forlag, 2004</b>

FORFATTAR TITTEL	<b>Sylvelin Vatle</b>
	<b>Tim Brentloffs eventyr</b>
	Tim Brentloff bur i kystbyen i vest og har ein stor afrikanar til bestefar. Men historia startar eigentleg med eit forlis medan han er på veg for å vitja tanta si, og Tim Brentloff hamnar i Nivlheim og andre stader frå den norrøne mytologien. Framhald i <i>Fenrisulvens forbannelse</i> .
	<b>Norrøn mytologi</b>
Forlag:	<b>Cappelen 2003</b>

FORFATTAR

Gull Åkerblom

TITTEL

Hamburgar og Coca Cola



Moa er vorten god på rullebrettet. Samuel må få støtteundervisning, for det går dårleg med lesinga.

Han er best på brettet, men kan ikkje lesa!

Og så må far innrømme at det kan ikkje han heller...

Moa og Samuel vert kjærastar.

Bok nummer 2 i serien om Moa og Samuel.

**Korleis det er å gå i ungdomsskulen og ikkje kunna lesa. 74 s.**

Forlag:

Samlaget, 2005

FORFATTAR

Gull Åkerblom

TITTEL

Lussekatt i Lucianatt



I denne boka er det duka for Lucia-feiring. Og trass i at far til Moa ikkje synest at Samuel er noko særleg for henne, har dei det fint i lag.

Men så får Moa nok av at mor alltid må jobba overtid slik at ho sjølv må kutta ut sine eigne ting og passa veslebroren. Snille, greie Moa er sint. Ho rømmer!

*4. bok i serien. Ungdomsmiljø. Tek opp små og store ungdomsproblem.*

Forlag:

Samlaget, 2006

FORFATTAR

Gull Åkerblom

TITTEL

Pizza med skinke og sjampinjong



Samuel lærer Moa å stå på rullebrett. Sjølv er Surre-Samuel del aller, aller beste til det, men det er andre ting han ikkje fiksar.

Så skal Moa visa at ho kan – på sjølvaste fødselsdagen sin!

Første bok i serien om Moa og Samuel.

Bøkene høver for 7.-klassingar og ungdomsskuletrinnet.

*Lett å lesa. Litt kul. Omsetjinga er noko ujamn.*

Forlag:

Samlaget, 2005

FORFATTAR

Gull Åkerblom

TITTEL

Potetgull og grafitti



Moa er forelska, men pappa er slett ikkje begeistra.

Og så vert rullebrettrampen riven!!


Samuel og Moa tek sprayboksane i eigne hender...


3. boka i Samuel og Moa-serien. Bøkene kan godt lesast kvar for seg.


**Om forelsking og å stå for det galne ein har gjort**


Forlag:


Samlaget, 2006


FORFATTAR	<b>Rune Belsvik</b>
TITTEL	<b>På nippet</b>
 (Forfatterportrett)	Rune Belsvik har skrivne 4 bøker om Arne Bu. <i>Alle dei fine jentene</i> (1988), <i>Kjærleiken er eit filmtriks</i> (1992), <i>På nippet</i> (1995) og <i>Ein naken gut</i> (2000. Sjå omtale under lesetips for vidaregåande.) Bøkene følgjer Arne frå han er 14 år til han er vorten 18. Dette er den tredje i rekkja. Arne er lei av skulen, og full av draumar om "livet". Han sluttar på vidaregåande og skaffar seg jobb i byn. På lager, trur han sjølv. Det vert eit tøft møte med vaksenlivet.
Forlag:	<i>Oppvekstroman</i> <b>Samlaget, 1995</b>


FORFATTAR	<b>Arnt Birkeland</b>
TITTEL	<b>Ein halvtimes stille i himmelen</b>
	Ho var ei ny jente. Ho hadde flytta inn i nabohuset til han. Frå der han sit kan han sjå bort på ho, og dikta historier om korleis ho er, og om ho og han saman.
Forlag:	<b>Avstandsforelsking</b> <b>Samlaget, 2000</b>


FORFATTAR	<b>Oskar Stein Bjørlykke</b>
TITTEL	<b>Hanni</b>
	Ei bok om vennskap, om kor skøyrt alt er, og om kor lite som skal til før alt raknar. - Men kanskje det er lite som skal til før alt vert bra att òg?
Forlag:	<b>Samlaget, 2005</b>


FORFATTAR	<b>Marit Kaldhol</b>
TITTEL	<b>Kino</b>
	Saksa er ein rekvisitt som går att i desse forteljingane. Forteljingane er som filmklipp frå episodar i ulike ungdommar sine liv. Kva er røyndom, kva er draum, kva er fantasi? Ikkje godt å seia – men sett saman til eit heile kjem vi personane nært inn på livet.
Forlag:	<b>Poetiske noveller</b> <b>Samlaget, 2006</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Rønnaug Kleiva</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Plutseleg no</b>
	Mari går i 8. klasse. Plutseleg no – skjer det så mykje. Ho får ei ny venninne, Inger. Ho får ein ny venn, Ruben. Saman vert dei sentrum i gjengen, ein ny situasjon for Mari som er van med å stå litt på sida. Mari forelskar seg i Ruben, som forelskar seg i Inger... Mari og Inger skal konfirmera seg til våren, men Ruben kallar det heile ei pengeinnsamling, og vil ikkje. Og vil eigentleg Mari? Mora til Mari vil i alle høve... Det er så mykje som skjer, plutseleg no.
	<b>Vennskap, forelsking, konfirmasjon</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 1990</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Per Olav Kaldestad</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Liksom for fyrste gong</b>
	Arild og Åse går hand i hand gjennom ein skog til ein landsby. –Utanfor det kjende rommet er det alltid eit anna rom, tenkjer Arild. Saman går dei inn i det ukjende, inn i ei anna historie som viser dei vegen tilbake – og samstundes inn i ein ny røyndom.
(Forfattarportrett)	
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 1994</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Arnfinn Kolerud</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Den som ikkje har gøymt seg no</b>
	Verken Odd eller Per Tore har det så greitt. Trefte kanskje ikkje Per Tore den gamle dama med ballen sin, så ho døydde? Og når Odd kjem på ei lur fødselsdagsgåve til Terje, for ikkje å seia ein særpassande måte å overrekkja gåva på, går det heilt gale...
	<b>Om å vera tretten–fjorten år og prøva å fylla ein plass i livet</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2004</b>

<b>FORFATTAR</b>	<b>Alfred Kvalheim</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Audun Viking</b>
	Hovdingsonen Audun voks opp på Bø på 900-talet, og vart venn og hirdmann til Håkon den Gode. Vi følgjer han i viking og på handelsferder i austerveg. Boka har detaljerte skildringar frå ein historisk epoke full av dramatik, prega av uro og maktkampar. Historia kjem nær ved at lesaren kan kjenna att lokale plassar, som Bø, Seim, Alversund og Knarvik.
	<b>Historisk roman</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Nordhordland forlag, 2004</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Lars Mæhle</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Narnia-draumar</b>
	<p>Kvifor kranglar vi heile tida?  Røtene mellom oss er i ferd med å losna.  Det er Jo som lurar på dette når han tenkjer over forholdet til veslesyster Hedvig.  Men ein dag er Hedvig borte.  Då veit Jo kva han må gjera, han må finna Hedvig!</p>
<b>Forlag:</b>	<b>Det Norske Samlaget, 2005</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Erna Osland</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Svimmel</b>
	<p>Kvifor kviskrar mora og tantene saman? Kvifor lukkar dei døra, og sperrar henne ute? Jenta i Svimmel kjenner seg sterkt bunden til mormora si. Når ho døyr, rasar den faste grunnen bort under føtene hennar. Særleg sidan det i oppryddinga etter mormora kjem fram at ho har hatt løynde rom i livet sitt. Det vert som å mista henne to gonger! Men er ikkje det ho og mormora hadde saman like fint og verkeleg uansett?</p>
(Forfatarportrett)	<b>Om å kunne møte livet med eit ope sinn</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 1997</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Daniel Pennac</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Hund! Hund!</b>
	<p>Korleis er det mogleg å overleva når ein som kvalp vert dumpa på ei bosfylling, halveges ihelslegen? Forteljinga går føre seg i Frankrike. Kvalpen må berga seg sjølv, bort frå bosplassen og heilt til Paris, som ligg langt, langt borte. I Paris møter han, etter stor dramatik, jenta Eple, som vil ha han som sin eigen hund. Livet i familien vert ikkje heilt som forventa.</p>
	<b>Humoristisk</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2002</b>


<b>FORFATTAR</b>	<b>Ingelin Røsland</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Kunsten å inhalere</b>
	<p>” – I år skal eg begynne å røyka, seier eg. Ser opp på stjerneregnet frå raketane. – Mmm, eg òg, seier Christin. Ho legg til at ho skal begynna å drikka også.”  Dei to 15 år gamle jentene har nyttårslofta klare. <i>Viljen</i> er der i alle høve, som med alle nyttårslofte!</p>
	<b>Om vennskap, forelsking og lengsel etter ”livet”</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2001</b>





FORFATTAR	<b>Audun Sjøstrand</b>
TITTEL	<b>Hundemordet</b>
 <p>Ikkje framsidebiletet</p>	Denne kriminalromanen går føre seg i eit landskap med umiskjennelege trekk frå eit Nordhordland der ferja Steinestø–Knarvik framleis går. Det er lensmann Asbjørnsen som leiar den nødvendige etterforskinga, men får han hjelp av Moe?
	<b>Humoristisk kriminalroman</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 1987</b>


FORFATTAR	<b>Bjørn Sortland</b>
TITTEL	<b>Triks</b>
 <p>Fornidlet</p>	Eg-personen er forelska i Janice. Ho er utvekslingsstudent og bur heime hos familien hans. Men no skal ho snart reisa heim att, og det tek til å hasta. Korleis skal han få fortalt kva han føler? Heldigvis får han gode råd – eller triks – av klassevenninna Ruth.
	<i>Lettlese. Humoristisk bok om kjensler og forelsking.</i>
Forlag:	<b>Letlest forlaget, 2006</b>


FORFATTAR	<b>Arild Stubhaug</b>
TITTEL	<b>Skjulte kodar: Niels Henrik Abel</b>
 <p>Fornidlet</p>	Boka gir ei innføring i det spesielle og svært interessante livet til Niels Henrik Abel, den største matematikaren i Noreg nokon gong. (1802–1829 ). Niels voks opp i ein vanskeleg familiesituasjon. Men han var flink på skulen og spesielt i matematikk. Då han var 15 år og gjekk på Katedralskulen i Oslo, sa læraren at han var ”Et udmærket matematisk Genie”.
	<b>Biografi</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 2004</b>

FORFATTAR	<b>Ragnfrid Trohaug</b>
TITTEL	<b>Landet som alltid er raudt</b>
 <p>Fornidlet</p>	Plutselig ein dag er Bjørn borte. Det er ingen grunn til å tru at han ikkje kjem att, han har for vane å verta sint, seier læraren. Men Runa kjenner Bjørn og sinnet hans, og medan han er midt i ein kamp mellom gode og vonde makter, er det Runa som må ordna opp.
	<b>Fantastisk</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 2005</b>


FORFATTAR	<b>Finn Øglænd</b>
TITTEL	<b>Fem dagar, fire netter</b>
	Kva gjer ein når mor og far reiser sin veg for å realisera seg sjølve, og ein sjølv kjenner at ein er i ferd med å verta forelska for første gong? Stein tek med seg Siv-Merethe på ein fem-dagars tur der dei saman utforskar drifter og lyster. Dei øver seg på å vera saman. Er dei vaksne nok til å ta ansvar for dette?
Forlag:	<b>Samlaget, 1998</b>


FORFATTAR	<b>Finn Øglænd</b>
TITTEL	<b>Passe hard, passe mjuk</b>
Alderskode	
	Han har store voner for klasseturen til Mælestranda, endå han slett ikkje er kul og sjølvkjensla er på botn. Men kanskje er det ikkje så ille likevel? Det finst visst jenter som ser langt etter han og, og Marion er god å kyssa, passeleg hard og passeleg mjuk.
	<b>Om å vera ukul og usikker.. og likevel slå til</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 1999</b>


FORFATTAR	<b>Finn Øglænd</b>
TITTEL	<b>Rebell</b>
	Denne dagen vert travel så det held for Alex. På internett og SMS gjer han avtalar med to jenter samtidig, han er forelska i dei begge. Og då endå to til dukkar opp, finn han at dei òg er heilt greie damer. Kva gjer han? Kven vel han?
	<b>Ein dag i livet til ein ung gut</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 2003</b>


FORFATTAR	<b>Selma Lønning Aarø</b>
TITTEL	<b>Fortvilet kreps '72</b>
	Selma, som i Selma Furuholmen, har ikkje kreft, ho har fått bryst, ho held på å verta vaksen, i Leirvik på Stord. Ho klatrar ut soveromsglaset, prøver øl og heimebrent, og ho kliner med Terje (22), som ho ikkje kjenner, men ho "likar eldre menn", og ho har draumar og planar for framtida. – Og faren hentar henne heim att gong etter gong etter gong.
	<i>Humoristisk sjølvbiografisk miniroman om å verta vaksen.</i>
Forlag:	<b>Gyldendal, "LITT Å LESE", 2005</b>

## 20 Lesetips for vidaregåande


FORFATTAR	<b>Rune Belsvik</b>
TITTEL	<b>Ein naken gut</b>
	Arne Bu er lei av den vidaregåande skulen og lekser og mas. Han sluttar. Han får seg jobb som takleggjar, reiser heimanfrå og bur på brakke. Han tenkjer og tenkjer på kjærasten han har slege opp med, samtidig som han prøver seg på nye jenter. Så dett han ned frå taket, mange meter rett ned, øydelegg kneet og ryggen og hamnar på sjukehus.
	<i>Boka fekk Nynorsk litteraturpris og Brageprisen 2000.</i>
Forlag:	<b>Samlaget, 2006 (pocketutgåve).</b>


FORFATTAR	<b>Abdelkader Benali</b>
TITTEL	<b>Bryllaup ved havet</b>
	Geografisk spanner handlinga mellom Afrika og Europa, tidsmessig flyttar ho seg att og fram mellom tre generasjonar. Menneska lever med gamle tradisjonar og skikkar, samstundes som dei er prega av det moderne livet med sine krav.
	<i>Frå Iwojen til Ollanda – og tilbake att.</i>
Forlag:	<b>Samlaget, 2005</b>


FORFATTAR	<b>Helga Gunerius Eriksen</b>
TITTEL	<b>Roma amor</b>
	I vinterferien vert Inga med onkelen sin, Inge, til Roma. Ho er ikkje så interessert i byrjinga, ville helst ha vore åleine heime, medan mora var på ferie. Men etter kvart vert ho oppslukt av denne spennande byen. Ikkje minst fordi ho vert kjend med sin eigen heilt spesielle gaid!
	<b>Tittelen seier det meste; ei bok om Roma og om kjærleiken</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 2004</b>


FORFATTAR	<b>Magnhild Bruheim</b>
TITTEL	<b>Dragsug</b>
	Tone Tarud hamnar rett oppi det. Ein dag ho går tur, finn ho ei myrda kvinne i ei bergkløft. Det viser seg at kvinna har søkt etter partnerar på nettet. Det har Tone òg. Uhyggja tek til å breia seg når det viser seg at dei har hatt kontakt med nokre av dei same mennene...
	<b>Kriminal</b>
Forlag:	<b>Samlaget, 2002</b>


## 20 Lesetips for vidaregåande


FORFATTAR	<b>Folgerø, Halvor og Tokvam, Finn</b>
TITTEL	<b>TYL</b>
	Ein roman med mange gleder og kjensler, fortald med ein lun smil. Handlar om vennskap, kjærestar og lengt. Men aller mest om å vera vaksen ungdom i ei lita vestlandsbygd. Med hendingar, miljø og personar mange vil nikka gjenkjennande til. Den godt vaksne songaren Olav Stedje har ei viktig birolle i historien.
Forlag:	<i>Passar best for den som har levd nokre år. Men også ungdom i slutten av tenåra vil ha glede av boka.</i> <b>Samlaget 2005</b>


FORFATTAR	<b>Frode Grytten</b>
TITTEL	<b>Bikubesong.</b>
	Bikuben er Murboligen, det store huset der mykje av livet til enkeltpersonane i boka utspelar seg. Bikubesong kan lesast som ein heilskap, men kvar novelle står òg som ei avslutta forteljing.
Forlag:	<b>Samlaget, 1999</b>


FORFATTAR	<b>Atle Hansen</b>
TITTEL	<b>Sargasso</b>
	Det er foreldra til eg-personen som er hovudpersonar – to ungdomar i etterkrigsåra. Han er sjømann, opphavleg frå Finnmark, og møter henne på Sør-Vestlandet. Han veit at han må vera saman med henne resten av livet, sjølv om det må verta hjå hennar slekt i hennar landsdel.
Forlag:	<b>Samlaget 2003</b>


FORFATTAR	<b>Atle Hansen</b>
TITTEL	<b>Som ein engel</b>
	Eit vestlandsk svar på Beatles av Lars Saabye Christensen. Popmusikk, kjærleik og erotikk er ingrediensar, men òg heimebrygg, bedehus og tungetale. For hovudpersonen og kameratane hans vert livet brått meir alvorleg når dei finn ei død jente i sjøen. Og den døde er ikkje kven som helst...
Forlag:	<b>Samlaget 2005</b>


FORFATTAR	<b>Kolbjørn Hauge</b>
TITTEL	<b>Over mitt lik</b>
	Førstebetjent Andersen og kona ferierer hos ein venn på ei øy i Sunnhordland. Det viser seg snart at det utspelar seg ein maktkamp mellom dei som vil satsa på turistar og dei som vil ha ting slik dei alltid har vore. Når det så skjer eit mord og ei forsvinning på øya, må Andersen bretta opp erma og avbryta ferien for ei stund.
	<b>Kriminal</b>
Forlag:	<b>Aschehoug, 1999</b>


FORFATTAR	<b>Tormod Haugland</b>
TITTEL	<b>Orden</b>
	10 noveller om ulike menneske i situasjonar vi kan kjenna att. I den første novella møter vi til dømes guten som skal i gravferd til oldefaren og ikkje kan forstå kva det vil seia å vera død: ”Nei, han er død, veit du. Han ligg i kista si. Der skal han liggje. /I eit hol i jorda? / Dei skal grave jord over. Slik at det vert ei fin grav. Du veit, slik som oldemor si grav, med blomar på./ Kor lenge skal han liggje der? / Heile tida./Men kor lenge?/Han skal berre liggje der. Han skal ikkje gjere anna enn å liggje der. Det er slik det er når ein er død. / Då ligg ein og kviler seg heile tida. / Han må jo ete, sa eg.”
	Stramt språk, der mykje står mellom linjene.
	<b>Novellesamling</b>
Forlag:	<b>Oktober, 1999</b>


FORFATTAR	<b>Johannes Heggland</b>
TITTEL	<b>Sigrid Jonsdotter</b>
	Sigrid Jonsdotter er dotter av den mektige lendmannen i Sunnhordland, og såleis eit særst godt gifte. Men så vert ho glad i Rafn, som berre er ein frigjeven træl. Dramatiske hendingar følgjer, og bakteppet er Noreg på 1000-talet: Her står kristentru mot åsatur, lendmannsmakt mot kyrkjemakt.
	<i>Kunnskapsrik, medrivande forteljing frå Heggland</i>
Forlag:	<b>Gyldendal, 2001</b>

FORFATTAR	<b>Edvard Hoem</b>
TITTEL	<b>Fars og mors historie</b>
	Det var ikkje alltid lett å vera ung rundt 2. verdskrig og ha andre ønske og håp for framtida enn det som slekta venta av deg! Med kvar si ulukkelege kjærleikshistorie i bagasjen, startar dei eit liv saman, eit liv i arbeid og nøysemd, men òg i truskap og respekt!
	<i>Ei sterk og gripande forteljing om eit samliv sett gjennom sonen sine augo.</i>
Forlag:	<b>Oktober, 2005</b>

FORFATTAR	<b>Per Olav Kaldestad</b>
TITTEL	<b>Naken er fjorden</b>
	Krimroman frå vestlandsmiljø. Heltinna og hjelparen hennar prøver å stoppa skurkane som vil leggja ned ferja dei arbeider på... Men NB! Maria er ikkje kva heltinne som helst: For det første er ho over førti, men like flott som då ho var tjue, for det andre sel ho erotiske filmar under disken i ferjesalongen...
	<i>Boka har nokre etiske aspekt som burde vera godt eigna til klassediskusjon.</i>
Forlag:	<b>Samlaget, 1990</b>


FORFATTAR	<b>Hilde K. Kvalvaag</b>
TITTEL	<b>Nattsommarfugl</b>
	Johanne har sommarjobb på landet – ho sit i kassen på den lokale butikken, og bur hos besteforeldra. Systera Katrin skal koma etter, men vil ho eigentleg koma? Sommaren teiknar til å verte uhyggjeleg keisam, men så byrjar ting å skje...
Forlag:	<b>Samlaget 2005</b>


FORFATTAR	<b>Olaug Nilssen</b>
TITTEL	<b>Vi har så korte armar</b>
	Ølgjer og Liv kjem frå ein liten plass på Vestlandet, Skoddeheimen. No er dei studentar i byen. Boka handlar både om korleis dei strevar med å etablera og iscenesetja sine eigne liv, samstundes som vi får glimt tilbake til Skoddeheimen og livet der.
	<i>Humoristisk og særeigen forteljarstil om identitetssøking og jakta på kjærleiken.</i>
Forlag:	<b>Samlaget, 2002</b>


FORFATTAR	<b>Erna Osland</b>
TITTEL	<b>Du er vel vakker</b>
	Hanna og Hermann treng litt ekstra hjelp for å klara seg i kvardagen og i livet. Dei vert kjærastar. Ingen kan som Herman fortelja Hanna at ho er vakker, og Hanna synest Herman har så vakkert gullhår. Men då dei byrjar å snakka om å få barn, for Herman vil så gjerne bli far, då vert det vanskeleg.
	<i>Om utviklingshemming og kjærleik</i>
Forlag:	<b>Samlaget, 2006</b>




## 20 Lesetips for vidaregåande

<b>FORFATTAR</b>	<b>Erna Osland</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Reisa til Maria</b>
 (Forfattarportrett)	Europa, 1500-talet: I Italia, der Maria vert fødd, er det den gamle trua som rår, der Madonna spelar ei stor rolle. Men på forunderleg vis hamnar Maria på ei lang reise, til langt nord i verda, der ho møter heilt andre levemåtar og ei ny tru som tvingar seg fram.
	<b>Historisk</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Damm, 1991</b>

<b>FORFATTAR</b>	<b>Røssland, Ingelin</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Handgranateple</b>
	Mykje ligg og ulmar i livet til Anja. Det ulmar i familetilhøva, det ulmar i hennar eigen lengt etter å verta inkludert og sett i ein vennegjeng. Det eksploderer den hausten ho byrjar på vidaregåande og flytter på hybel.  Som tittelen indikerer: Ei bok om det harde – og det mjuke.
	<b>Vennskap/utestenging/identitetssøking</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2006</b>

<b>FORFATTAR</b>	<b>Sylvelin Vatle</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Ville liljer</b>
	Rebekka har bulimi og går i terapi hjå Robin, ein 20 år eldre psykolog. Når det utviklar seg til eit forhold mellom dei, flyttar dei i lag ut på ei aud øy. Så byrjar ting å skje. Kva er røyndom? Kva er draum? Ser Rebekka syner? Spøkeri frå fortida dukkar opp og avslørar det grufulle som her har hendt.
	<i>Uverkeleg og uhyggeleg</i>
<b>Forlag:</b>	<b>Cappelen, 2000</b>

<b>FORFATTAR</b>	<b>Berit Vatne Vik</b>
<b>TITTEL</b>	<b>Dagen om natta</b>
	Ingebjørg opplever å verta spedalsk i ung alder, men sjela hennar vert aldri sjuk. Den store kjærleiken hennar, Jakob, trekkjer seg frå henne og giftar seg med Gjertrud, Men Ingebjørg opplever å alltid ha eit rom hjå Jakob. Det gjer henne sterk, sterk nok til å greia livet. Vi møter og ein farskjærleik som vert prøvd og som sigrar.
	<b>Historisk/spedalske</b>
<b>Forlag:</b>	<b>Samlaget, 2003</b>